



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Bjerkreim kommune

10. november 2016

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:


- Tilskot til avløyning sjukdom mv.
- Produksjonstilskot i jordbruket
- Tilskot etter Regionalt miljøprogram
- Forvaltning av nydyrkingssaker

Vår referanse: 2016/11385

Innhald

1. Samandrag.....	3
2. Innleiing.....	5
3. Bakgrunn for kontrollen	5
4. Heimel for kontrollen	5
5. Opplysningar om gjennomført kontroll	6
5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	6
5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	7
5.3 Tema for forvaltningskontrollen.....	7
6. Funn.....	8
6.1 Definisjonar.....	8
6.2 Tema 1 – Tilskot til avløyning ved sjukdom mv.	8
6.3 Tema 1 – Produksjonstilskot.....	10
6.3.1 Rutinar for retting av feil i søknadsdata.....	10
6.3.2 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting.....	11
6.3.3 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll	12
6.3.4 Spreieareal.....	13
6.3.5 Tilskot til dyr på beite.....	14
6.4 Tema 3 – Tilskot etter regionalt miljøprogram	14
6.5 Tema 4 – Forvaltning av søknader om nydyrking.....	17
7. Oppfølging etter kontrollen	18

Verdiskaping frå jordbruket i Bjerkreim, bruttoprod. totalt er 133,9 mill. kr.



Illustrasjon henta frå vedlegg til NIBIO rapport vol.2 nr. 75, 2016

Fylkesmannen sitt hovudintrykk er at landbruksforvaltninga i Bjerkreim kommune har gode rutinar for oppfølging av dei ordningane som blei kontrollerte.

- 192 føretak som søker produksjonstilskot
- 88,6 mill. kr i ulike tilskot blir forvalta og utbetalt til landbruksføretak i Bjerkreim

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Bjerkreim kommune 10. november 2016.

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av ordningane:

- Tilskot til avløyning sjukdom mv.
- Produksjonstilskot i jordbruket
- Tilskot etter Regionalt miljøprogram
- Forvaltning av nydyrkingssaker

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik:

Avvik

Tilskot til avløyning sjukdom mv.

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar som sikrar at nødvendig dokumentasjon av næringsinntekt ligg føre før søknaden blir behandla.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å sikre at det ligg føre fullmakt dersom det ikkje er innehavaren av føretaket som søker.

Produksjonstilskot

- **Avvik 3**
Kommunen har ikkje vore konsekvent med å bruke merknadsfeltet når dyretal og/eller areal er endra.
- **Avvik 4**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å følgje opp saksbehandlarrundskrivet pkt. 10.5.2 når dei etter stadleg kontroll rettar dyretal i søknader slik at søker får meir enn det er søkt på.
- **Avvik 5**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å sende førehandsvarsel og grunngjeving for avkorting.

Tilskot etter regionalt miljøprogram

- **Avvik 6**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å sikre at det berre er areal som er registrert i Naturbase som kan få tilskot for dei fleste ordningane under biologisk mangfald.
- **Avvik 7**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å vurdere avkorting i saker der det er gitt feilopplysningar i søknaden.

- **Avvik 8**
Kommunen har ikkje god nok rutine på å sende ut skriftleg svar når søknader er blitt avslått.

Merknader

Tilskot til avløyning sjukdom mv.

- **Merknad 1**
Kommunen bør utarbeide ei skriftleg rutinebeskriving for gjennomgang av søknader om tilskot til sjukdomsavløyning.

Tilskot etter regionalt miljøprogram

- **Merknad 2**
Kommunen har ikkje rutine for å notere ned risikotema for stadleg kontroll.
- **Merknad 3**
Kommunen må bruke kommentarfeltet i eStil når det er gjort endringar i søknaden. Her må det kome fram at det har vore kontakt med søkjar.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølv kontrollen og nærare omtale av avvik og merknader

2. Innleiing

Varsel om forvaltningskontrollen blei sendt til Bjerkreim kommune i brev datert 28.09.2016. Sjølve kontrollen blei gjennomført 10. november 2016.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av følgjande ordningar:

- Tilskot til avløyising sjukdom mv.
- Produksjonstilskot i jordbruket
- Tilskot etter Regionalt miljøprogram
- Forvaltning av nydyrkingssaker

På sjølve kontrollen blei det avtalt at det skulle sendast ein førebels rapport. Denne førebelse rapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen.

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (fra 01.01.2015)
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1821 om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.
- Forskrift 10.06.2015 nr. 638 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Forskrift 07.06.2013 nr. 604 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Forskrift 02.05.1997 nr. 423 om nydyrking
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav
- Teknisk jordbruksavtale 2014-2015 og Jordbruksavtalen 2015-2016
- Gjeldande rundskriv for ordningane som blei kontrollerte

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 10. november 2016	Journalnummer: 2016/11385
Dato for førre kontroll: 9. juni 2010	Journalnummer: 2010/4369

Kontrollert verksemd

Kommune: Bjerkreim	E-post: postmottak@bjerkreim.kommune.no
Besøksadresse: Kommunehuset, Nesjane 1 4389 Vikeså	Telefon: 51 20 11 00

Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Kristian Nomedal	kommunalsjef	x		x
Gerd Siqveland Engelsgjerd	landbrukssjef	x	x	x
Svein Olav Tengesdal	fagkonsulent	x	x	x
Margunn Helland	saksbehandlar	x	x*	x

*Var med under den delen som gjaldt sjukdomsavløysing

Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Geir Skadberg	landbruksdirektør	x	x	x
Monica Dahlmo	kontrollør RMP	x	x	x
Maja Stanojevic	kontrollør sjukdomsavløysing	x	x	x
Sissel C. Endresen	kontrollør PT, kontrollansvarleg og referent	x	x	x

5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Maja Stanojevic var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med tilskot til avløyning ved sjukdom mv.
- Sissel C. Endresen var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot
- Monica Dahlmo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med tilskot etter regionalt miljøprogram og søknader om nydyrking
- Sissel C. Endresen var kontrollleiar og referent

Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå ulike føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Tilskot til avløyning ved sjukdom mv.	- Saksbehandlingsrutinar
2	Produksjonstilskot (PT)	Saksbehandlingsrutinar - Kva rutinar har kommunen for å rette søknader der det er feil i søknadsdata - Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting - Kva rutinar har kommunen for å plukke ut føretak til stadleg kontroll - Korleis følgjer kommunen opp saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket - Kva rutinar har kommunen for å kontrollere spreieareal
	Tilskot til dyr på beite	- Kva rutinar har kommunen for å godkjenne dyr på innmarksbeite og utmarksbeite
3	Tilskot etter Regionalt miljøprogram	Saksbehandlingsrutinar - Kva rutinar har kommunen for registrering og arkivering av søknader - Kva rutinar har kommunen for behandling av søknadene - Korleis vurderer kommunen feilopplysningar i søknaden

		<ul style="list-style-type: none"> - Kva rutinar har kommunen for stadleg kontroll - Kva rutinar har kommunen for behandling av klager - Vi vil særleg sjå på forvaltning av ordninga med vedlikehald av ferdselsårar i kulturlandskapet og ordningar under biologisk mangfald
4	Forvaltning av nydyrkingssaker	- Saksbehandlingsrutinar

6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekket vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylging av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – Tilskot til avløyning ved sjukdom mv.

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv. jf. § 9 forskrift for tilskot til avløyning. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Gjeldande rundskriv frå Landbruksdirektoratet for aktuelle søknadsperiodar gir retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv.

Det er eit krav om næringsinntekt frå føretaket for å ha rett på tilskot jf. forskrifta § 6 og rundskriv 2015-43 der det står at «*Det er et vilkår at den som har blitt avløst har næringsinntekt fra foretakets jordbruks- eller gartnerivirksomhet. Næringsinntektens størrelse er knyttet opp mot grunnbeløpet (G) i folketrygden, og må være minst ½ G. Det er den gjennomsnittlige næringsinntekten i de to siste inntektsårene bonden har fått endelig skatteoppgjør for, per 1. januar i det året avløsningen har funnet sted, som er avgjørende.*» Vidare står i rundskrivet at «*Næringsinntekt fra enkeltpersonforetak (ENK) hentes fra utskrift av godkjent ligning post 2.7.1. «Inntekt fra jordbruk».*».

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kontrollen omfatta søknader frå 2015 og 2016. Kommunen har behandla 50 søknader i 2015 og 37 søknader i 2016. Kommunen har rutinar for å ta imot søknader og sjekkar at dei er

innanfor søknadsfristen. Tek kontakt med NAV for å få informasjon om sjukepengar. Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving for gjennomgang av søknadene.

FM gjekk gjennom 10 søknader jf. vedlegg. Følgjande blei kontrollert: Mottatt dato registrert og innanfor søknadsfristen, at det ligg føre sjukemelding/fødselsattest, dokumenterte utgifter, dokumentasjon på næringsinntekt, skriftleg vedtak og dokumentasjon på sjukepengar.

Av desse 10 sakene som blei kontrollerte mangla det godkjent dokumentasjon på næringsinntekt i 8 av sakene. I nokre av sakene var det stadfesting frå rekneskapslaget eller det var levert næringsoppgåve. I ein av sakene mangla det fullmakt på at søkjar kan opptre på vegner av føretaket.

Fylkesmannen si vurdering

Dei søknadene som blei kontrollerte var registrert med mottatt dato og var innanfor søknadsfristen. Når det gjeld dokumentasjon som skal leggjast ved søknaden, har ikkje kommunen gode nok rutinar for å sikre at det ligg føre godkjent dokumentasjon på næringsinntekt. Godkjent dokumentasjon er utskrift frå godkjent likning. I ein sak mangla det fullmakt på at søkjar kan opptre på vegner av føretaket. Dersom det ikkje er innehavar av føretaket som søkjer, må det leggjast ved fullmakt.

Fylkesmannen vil tilrå at kommunen utarbeider ein rutinebeskriving som kan nyttast ved gjennomgang av søknadene. Det kan vere ei god hjelp ved saksbehandlinga og gjer kommunen mindre sårbar ved fråvær/skifte av saksbehandlar.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar som sikrar at nødvendig dokumentasjon av næringsinntekt ligg føre før søknaden blir behandla.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å sikre at det ligg føre fullmakt dersom det ikkje er innehavaren av føretaket som søkjer.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 1**
Kommunen bør utarbeide ei skriftleg rutinebeskriving for gjennomgang av søknader om tilskot til sjukdomsavløysing.

6.3 Tema 1 – Produksjonstilskot

6.3.1 Rutinar for retting av feil i søknadsdata

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader.

Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omtalar saksbehandlingsrutinane, jf. rundskriv 2015-27 som er gjeldande for søknadsomgangane august 2015 og januar 2016. I kap. 5.1.8 står om korleis kommunen skal behandle feil eller uavklarte tilhøve i søknaden. Her står det mellom anna at *«Kommunen skal alltid bruke kommentarfeltet i WESPA til å forklare hvorfor rettinger er gjort.»*

I kap. 10.5.2 står det om korleis kommunen skal handtere avvik/feilopplysningar. Her står det mellom anna at *«Oppdager kommunen avvik mellom opplysninger i søknaden og de faktiske forhold hos foretaket, må søknaden rettes i samsvar med de faktiske forholdene. Søknaden skal ikke rettes slik at søker får mer enn omsøkt. Deretter skal kommunen vurdere avkorting i det resterende tilskuddet.»*

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Prøver å rette så mykje som mogleg før søknadsfristen. I januar blei alle behandla før søknadsfristen. Kommunen rettar openbare feilregistreringar. I augustomgangen klarer dei ikkje å gå gjennom alle søknadene før søknadsfristen. Lager ei liste over feil som bøndene ønskjer å få retta opp – gjeld dei som tek kontakt før søknadsfristen. Ikkje alt blir lagt inn i kommunen sitt arkivsystem. Telefonsamtalar blir notert i Wespa.

Kommunen har ei utfordring med oppdatering av jordregisteret. Import av oppdatert jordregister nullar ut det som ligg inne frå før. Det er arbeidskrevjande t.d. der det er areal til vindmøller, ved nydyrking, nye beiteområde og liknande. Det må importerast nytt jordregister kvart år. Det fører til ein del feil i arealtal. Dei fleste feila blir funne ved gjennomgang av søknadene. Kommunen rettar openbare feil i areal t.d. beiteareal på overflatedyrka areal. Nyttar merknadsfeltet ved rettingar.

FM la fram døme på 9 saker (sak nr. 11 – 19) der kommunen har endra dyretal eller areal, utan at det er kommentert i merknadsfeltet. Når det gjeld sak 14 og 20 er dyretalet auka etter stadleg kontroll. I sak 20 har kommunen registrert feil når kontrollskjema skulle registrerast. Dei fleste endringane som er gjort i arealopplysningar gjeld i følgje kommunen stort sett saker der kartgrunnlaget er endra. Det er ein del feil i arealtal. Endring som følgje

av ny oppmåling blir retta av kommunen utan kommentar. Sender brev til bonden etter nydyrking om nye arealtal.

Kommunen følgjer opp feilmeldingar. Skriv ut lista frå «inputkontrollen» og går igjennom alle varsla. Varselmeldinga om vanleg jordbruksproduksjon blei mellom anna følgt opp ved dei trakk ut 2-3 til kontroll ved januaromgangen. Ser at det t.d. ved generasjonsskifte er mange som får varselmelding om lågt lammetal.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gode rutinar for å bruke merknadsfeltet i Wespa der det blir gjort endringar i søknadene, men Fylkesmannen fann saker der det er gjort endringar som ikkje er omtalt i merknadsfeltet. Det er viktig at kommunen systematisk brukar merknadsfeltet slik at det er mogleg å sjå kvifor endringar er gjort.

Kommunen har i eit tilfelle auka dyrtalet etter stadleg kontroll. Jf. rundskriv 2015-27 skal kommunen ikkje endre søknadsdata slik at søkjaren får meir utbetalt enn det dei har søkt på.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 3**
Kommunen har ikkje vore heilt konsekvente med å bruke merknadsfeltet når dyretal og/eller areal er endra.
- **Avvik 4**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å følgje opp saksbehandlarrundskrivet pkt. 10.5.2 når dei etter stadleg kontroll rettar dyretal i søknader slik at søkjar får meir enn det er søkt på.

Merknader

Fylkesmannen har ingen merknader.

6.3.2 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 11 og § 12 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebygge feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som

kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 12 i rundskriv 2015-26 der det bl.a. står at «Forvaltningen plikter i alle tilfeller å vurdere avkorting.»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har rutine for å sende førehandsvarsel og endeleg vedtak om avkorting i eige brev. Dersom dei finn feil ved stadleg kontroll, gir dei søkjaren munnleg beskjed om at tilskotet blir avkorta. Avkortar ofte tilsvarende meirutbetalinga.

Ved gjennomgang av saker frå januar-omgangen 2016 hadde kommunen ved ein glipp gløymt å sende førehandsvarsel og brev med grunngjeving om avkorting. Dette gjaldt 4 saker. Kommunen oppdaga dette sjølv og varsla FM i e-post 7. november 2016.

Får ikkje kopi av vedtak frå Mattilsynet. Veit ikkje om det skuldast at det ikkje har vore saker i Mattilsynet av ein slik karakter at kommunen etter retningslinene skulle fått kopi av vedtak. Det har fått brev om manglande brannvarslingsanlegg. Har hatt eit tilfelle med manglande brannvarslingsanlegg, og då sendte kommunen ut brev med varsel om tilbakehald av tilskotet med ein frist for montering av anlegg. Har og hatt tilfelle der det er sendt ut varsel pga. for mykje ugras.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har god rutine for oppfølging av saker der avkorting skal vurderast, men ved søknadsomgangen januar 2016 vart det ikkje sendt ut førehandsvarsel og grunngjeving. Kommunen har også god rutine når deg gjeld saker med regelverksbrot.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 5**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å sende førehandsvarsel og grunngjeving for avkorting.

Merknader

Fylkesmannen har ingen merknader.

6.3.3 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll

Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 6 i rundskriv 2015-27 frå Landbruksdirektoratet. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg

kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen plukkar ut føretak ved søknadsbehandling. Dei får og tips frå andre bønder. Dei plukkar og ut føretak der dei har mistanke om at drifta ikkje er i tråd med reglande for dyrevelferd. Kommunen er og merksam på føretak som driv så ekstensivt at det kan vere tvil om vanleg jordbruksproduksjon.

Eit føretak er til dømes plukka ut tre gonger på rad fordi det var gitt feil dyretal. Prøver og å passe på at alle føretak blir kontrollerte i løpet av nokre år.

Kommunen har laga ei oversikt over føretaka i kommunen og kryssar av når dei har vore på kontroll. Dei noterer ikkje kva som risikovurderinga for kvart føretak som blir plukka ut.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har god oversikt over føretak som blir plukka ut for kontroll. Dei gjer ein risikovurdering før føretak blir plukka ut til kontroll. Etter Fylkesmannens vurdering har kommunen gode rutinar for utplukk av føretak til kontroll. Det kunne vore notert ned kva kommunen har hatt som tema for risikovurdering for kvar søknadsomgang evt. for kvart føretak som var plukka ut.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.3.4 Spreieareal

Om regelverket

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreining av husdyrgjødsel, jf. § 24 i forskrift om organisk gjødsel. Jf. §22 skal bruk av gjødselvarer inngå i gjødslingsplan jf. forskrift om gjødslingsplanlegging.

Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen kan dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskrifta. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side. I forskrift om produksjonstilskot § 11 står det mellom anna at «*Ved brudd på forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging skal tilskuddet avkortet.*»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har rutine for å sjekke spreieareal hos alle ved augustomgangen. Følgjer handboka for godkjenning av beite til spreieareal. Kommunen er ikkje heilt ajour med å digitalisere godkjend beiteareal i portalen.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gode rutinar på kontroll av spreieareal. Viktig at kommunen følgjer opp og legg inn godkjende beiter i portalen.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.3.5 Tilskot til dyr på beite

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. jordbruksavtalen for 2015-2016, punkt 7.7. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at hovuddelen (minst 50 %) av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting av utmark eller innmark. Vidare står det i rundskriv 2015-27 under pkt. 6.6.6 at «Foretak som søker om tilskudd til dyr på beite, må kunne sannsynleggjøre at dyrene har vært på beite den tiden som kreves.»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen legg vekt på å informere bøndene i kommunen om reglane. Alle som leverer papirsøknad blir spurt munnleg om når dei slepp dyra ut på beite og når dei sett inn dyra igjen. Dei nyttar «Rogalandsmodellen» når dei vurderer beitetilgang. Ved stadleg kontroll spør dei ikkje om beitejournal, men spør om dato for beiteslepp og sanking.

Har eit tilfelle (sak 20) der 22 av 55 mjølkekyr er ført på utmarksbeite. Det er mjølkeleveranse hele året, men det er tydeleg lågare leveranse i juli, august og september. Kommunen meinte at det er realistisk at gjeldkyrne går på utmarksbeite då føretaket har utmarksbeite i nærleiken.

Fylkesmannen si vurdering

Etter fylkesmannens vurdering har kommunen gode rutinar for oppfølging av ordninga med tilskot til dyr på beite.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.4 Tema 3 – Tilskot etter regionalt miljøprogram

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m. v. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland

i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag. Retningslinjer for utbetaling av regionale miljøtilskot er omtalt i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2015-14, og i Fylkesmannen sitt rundskriv 1/2015.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen bruker sitt eige system for arkivering av søknader. Dei prøver å få flest mogleg til å søkje elektronisk sjølv, og har laga ei «kokebok» til hjelp for søkjarane. Kommunen har rutinar for å ta kontakt med søkjarar som er registrert med ufullstendig søknad, for å gå igjennom søknadane, og for å bruke merknadsfelt. Det er ikkje laga eigne sjekklistar til gjennomgang av søknadane. Ein søknad var avslått i 2015, sak nr. 28. Kommunen har her ikkje sendt skriftleg avslag til søkjar med informasjon om klagerett. Kommunen har i nokre tilfelle endra søknadene og ført på meir enn det som er søkt om, og har og ført på ordningar som søkjar ikkje har ført opp (sak nr. 32 og 33).

Det er turstiar og bratt areal som er dei store ordningane i Bjerkreim, og i tillegg er det nokre få søknader under biologisk mangfald. Kommunen har gjennomført ei stor satsing på turstiar. Turstiane som får tilskot i RMP er med i samanhengande tursti-nett, og er avmerka på offentlege kart. Kommunen målte opp alle turstiar i 2011, og tilrår at søkjarane fører opp desse tala når dei søkjer. Turstiane er teikna inn på kart i saksbehandlarsystemet. I eit tilfelle, sak nr. 32, var det stort avvik på omsøkt lengde tursti og godkjend lengde tursti.

Kommunen har ikkje fått med seg endringar i regelverket som gjeld bratt areal. Dei fjernar framleis teigar under 0,5 dekar. Det var ikkje eit krav i regelverket i 2015.

Kommunen har ikkje fanga opp endringar i regelverket for tilskot til kystlynghei. Dei har praktisert regelverket slik det var før 2013. Det er gitt tilskot til eit område som ikkje er registrert i Naturbasen som kystlynghei. Det er her gitt SMIL- tilskot. Kommunen er sikker på at arealet kvalifiserer for kystlynghei (sak nr. 31).

Ved utplukk til stadleg kontroll noterer ikkje kommunen ned risikotema for kvar omgang, men sjølve utplukket er risikobasert.

Kommunen har ikkje vurdert avkorting i tilfelle der det feilaktig er søkt tilskot til dyr i utmark, sak nr. 29 og 30. Nokre hadde gjort feilen for andre gang. Kommunen har ikkje godkjent utbetaling av tilskotet til dei dyra der det feilaktig er søkt tilskot til dyr i utmark.

Døme på saker

Sak nr. 28 – søknaden er avslått. Kommunen kunne ikkje gjere greie for om det var sendt ut brev til søkjar om at søknaden er avslått og med informasjon om klagerett. Skulle sjekke opp om det var sendt vedtak, men under kontrollen kunne det ikkje dokumenterast.

Sak 29 og 30 – i begge desse sakene har kommunen tatt vekk dyra det feilaktig var søkt på. Det var andre gang desse søkjarane feilaktig hadde ført opp sau. Kommunen har ikkje vurdert avkorting for feilopplysning i desse sakene.

I sak nr 32 har kommunen godkjend meir tursti enn det er søkt om. Kommunen forklarte dette med at meir areal nyleg har blitt dyrka opp.

I sak nr. 31 er innteikna arealet ikkje registrert i Naturbasen. Kommunen meiner at det omsøkte arealet heilt klart er kystlynghei. I sak 32 har kommunen ført på lengre tursti enn det søkjaren har ført opp. Kommunen forklarte dette med at turstien går i eit område som no er nydyrka og det er difor ein større del av turstien som kan godkjennast i RMP-ordninga.

I sak 33 har kommunen godkjent meir enn omsøkt etter telefonkontakt med søkjar. Kommunen har ikkje notert noko i kommentarfeltet i eStil. I dette tilfellet har søkjaren levert papirsøknad. Kommunen sa under intervju at søkjar sannsynlegvis ikkje har klart å føre på i kartet sjølv, og så har kommunen ført det på søknaden.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen sitt overordna inntrykk er at Bjerkreim har ei god forvaltning av regionalt miljøprogram. Vi finn likevel grunn til å kome med følgjande kommentarar:

Rutinar for saksbehandling

Kommunen har i hovudtrekk gode rutinar. Det er i to tilfelle gjort endringar i søknadar som har ført til meirutbetaling til søkjar. Søkjarane skal ikkje ha utbetalt for meir enn det dei har søkt på jf. saksbehandlarrundskrivet for PT pkt. 10.5.2. Kommunen må ta kontakt med søkjar ved slike endringar av søknaden. Kommunen bør kvart år notere ned kva som er tema for stadleg kontroll.

Avkorting av søknader på grunnlag av feilopplysningar

Dersom søkjar gir opplysningar i søknadane som kan føre til at det blir utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, skal kommunen vurdere avkorting. Kommunen meinte at det hadde vore for dårleg informasjon til søkjarane, og har derfor valt å ikkje avkorte. FM meiner det skal gå fram av løyvingsbrevet at avkorting er vurdert, sjølv om kommunen konkluderer med at det ikkje skal avkortast. Under kontrollen viste FM til at det er søknader som ikkje er blitt avkorta trass i at kommunen har stroke feilførte dyr fleire år på rad. Dersom søkjaren ikkje blir gjort kjent med at de fører feil, og at feilføring kan føre til avkorting i tilskotet, så fortset denne feilføringa. Dersom kommunen gir ei skriftleg vurdering av avkorting i løyvingsbrevet, så blir søkjaren gjort kjent med reglane og vil mest sannsynleg rette seg etter det ved neste søknadsomgang.

Ordningar under biologisk mangfald

I sak 31 har kommunen godkjent areal som ikkje er registrert i Naturbase. For å få godkjent arealet som kystlynghei, så må arealet vere registrert i denne basen. I vente av registrering i Naturbasen er ei stadfesting frå Fylkesmannen si Miljøvernavdeling nok.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 6**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å sikre at det berre er areal som er registrert i Naturbase som kan få tilskot for dei fleste ordningane under biologisk mangfald.
- **Avvik 7**
Kommunen har ikkje god nok rutine for å vurdere avkorting i saker der det er gitt feilopplysningar i søknaden.
- **Avvik 8**
Kommunen har ikkje god nok rutine på å sende ut skriftleg svar når søknader er blitt avslått.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 2**
Kommunen har ikkje rutine for å notere ned risikotema for stadleg kontroll.
- **Merknad 3**
Kommunen må bruke kommentarfeltet i eStil når det er gjort endringar i søknaden. Her må det kome fram at det har vore kontakt med søkjar.

6.5 Tema 4 – Forvaltning av søknader om nydyrking

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter forskrift om nydyrking jf. § 7. Avgjersla skal grunngjevast og det skal gå fram kva for natur- og kulturlandskapsverdiar som kan få følgjer av vedtaket og kva konsekvensar nydyrkinga får for desse jf. § 10.

Tiltakshavar må utarbeide ein plan for nydyrkinga og denne skal godkjennast av kommunen.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Alle sakene som gjeld nydyrking blir sendt til Rogaland fylkeskommune, men det er ikkje all søknadene som sendes inn til FM miljøverna. Kommunen gjer oppslag i ulike kartbasar når dei vurderer om søknadene skal sendast inn til FM. Søknader i områder med spesielle verdiar og /eller der det er konfliktpotensiale blir sendt inn til FM for uttale.

Kommunen tolkar KU-kravet ut frå kor stort areal den einskilde saka gjeld. Nydyrking over 50 daa skal normalt KU, men i konfliktområda gjeld det og når arealet er mindre. Dersom arealet er over 300 daa er det eit absolutt krav om KU. Kommunen kjente ikkje til at det hadde vore «trinnvise» søknader, dvs. til dømes at dei søker om 40 daa først og så nye 30 daa for å kome unna kravet om KU.

Fylkesmannen si vurdering

FM hadde fått tilsendt 5 nydyrkingssaker før kontrollen, og hadde gått gjennom sakene før kontrolldagen. Fylkesmannen fann ingen ting å kommentere.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

7. Oppfølging etter kontrollen

Bjerkreim kommune må innan 01.06.2017 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.